



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Sauvågen 83

5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2134 - 16/20980

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

10.08.2016

Førerels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 214/126 Fyllingsnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.06.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre erklæring om ansvarsrett for prosjektering av støyskjermande tiltak. Denne må sendast inn saman med revidert gjennomføringsplan. Ein legg til grunn at det er utarbeida støyrapport for tiltaket som grunnlag for val av løysingar og at desse er i tråd med krav til støyforhold i forhold til forskriftskrav. Det er ikkje krav om at støyrapport må sendast inn, men naudsynt dokumentasjon skal ligge føre og framvisast ved eventuelt tilsyn.
2. Teikningar av støyskjerm må sendast inn.
3. Det går ikkje klart fram av søknaden om krav til stille side for naudsynt antall soverom er stettha. Vi ber difor om ei klargjering på om støyskjermen som skal førast opp fører til at fasade mot nord-aust kan betraktast som stille side og at soverom med vindauge mot nord-aust er innanfor krava.
4. Det er opplyst i søknad at tilbygg ikkje medfører endring i antal bueiningar. Planteikningar gjev inntrykk av at bustaden får to separate inngangar via vindfanget. Vi ber difor at det sendast inn teikningar som viser korleis dei to etasjane heng saman.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.09.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Post

postmatak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nina Askeland Hay	Tysse	5284	TYSSSEBOTNEN
-------------------	-------	------	--------------

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------